

Referat frå soknerådsmøte i Moster kyrkje måndag 12.04. 2021 kl.19:00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Camilla Rubach, Elin Taranger, Marta Fauskanger Ekberg, Heidi Torkelsen Fagervik, Gerda Bondø og Aksel Lygre.

Fråverande: Per Harald Gjerde. Møtte som vara: Gerda Bondø.

Rune opna med Job 42,2 og bad for arbeidet i møtet og kyrkjelyden.

I fråvære av soknerådet sin skrivar, vart Gunnvald Bjotveit vald til å referera dette møtet.

Randi Margareth Olsen vart ynskt spesielt velkomen til møtet som redaktør av jubileumsboka for 150 års jubileet i 2024.

Sak 29 – 2021 Godkjenning av møtebok frå 09.03.21 og innkalling.

Møtebok og innkalling vart godkjende utan merknad. Nye saker vart ikkje melde.

Sak 30 – 2021 Oppfølging av tidlegare saker.

Kort evaluering av påska: Soknerådet er takksame for godt arbeid og produksjon med strømming av gudstenestene i påska 2020. «Men no ser vi sterkt fram til å kunna møtast fysisk til gudstenester og andre samvær i kyrkja», var kommentaren.

Årsmøtet den 18.03.21 kunne ikkje gjennomførast. Årsmeldingar er lagt ut på nett. Saka om godkjenning av liturgi-revideringa er sett ut til at vi kan samlast att på vanleg måte.

Jubileumsbok, redaktør og feiring av 150-årsjubileum for Moster kyrkje. Randi Olsen la fram tankar om jubileumsboka, innhald, utstyr, framdrift, kostnad, antall og salstrategi.

Etter spørsmål og innspel bae vegar, vart redaktør og sokneråd samde om at samarbeidet vidare skulle ha utgangspunkt og basis i kontrakta mellom Moster sokneråd og Randi Olsen, avtale mellom Randi Olsen og Moster sokneråd om framdrift, innhald og arbeidsmåte og referatet frå kontraktsmøte 25.03.21.

NB! Kontrakta mellom Moster sokneråd og Randi Olsen, avtalen mellom Randi Olsen og Moster sokneråd og referatet frå kontraktsmøte skal ikkje leggjast ut på Bømlo kyrkje si heimeside. Det er kun til det interne samarbeidet mellom Moster sokneråd og Randi Olsen.

Underskriving av kontrakt. Kontrakta mellom Moster sokneråd og Randi Olsen vart skriven under i to eksemplar i soknerådsmøtet.

Sak 31 – 2021 Oppgåver for soknerådet knytt til 150-årsjubileum.

Kva vert soknerådet sine oppgåver i samband med jubileumsbok? Me tek utgangspunkt i kontrakt, avtaletekst/arbeidsplan og referat frå kontraktmøte for å konkretisera oppgåvene og fordela dei mellom oss.

Vedtak: a) Moster sokneråd set ned ein økonomikomite på 3 personar for å setja opp budsjett for jubileumsboka, gjera avtale med forlag, skaffa sponsoravtaler og andre inntekter og gjera avtaler om sal av boka. Komiteen skal samarbeida med redaktøren og melda tilbake til Moster sokneråd. Namn til komiteen vart føreslått. Gunnvald tek kontakt med dei aktuelle personane og kallar inn til fyrste møtet.

b) Tittelen på jubileumsboka vert jubileumskomiteen oppmoda til å leggja fram. Moster sokneråd gjer endeleg vedtak om tittel.

c) Moster sokneråd skal vera til hjelp med å finna ein høveleg kontor plass for Randi Olsen. Fyrste ynskje er ein stad på Rådhuset.

Sak 32 – 2020 Montering av kamera og anna utstyr for strøyming i Moster kyrkje

Vedtak: Saka vert utsett til møte i oktober 2021. Pr. dato har vi ikkje tilgjengelege midlar.

Sak 33 – 2021 Temakveldar hausten 2021.

Skal me gjenta tema for vår? Skal me ha nye tema? Forslag til datoar.

Med 3 kveldar må me velgja bort ein kveld sett opp for våren, dersom me går for vårens tema.

Vedtak: 09.09. Lukasevangeliet. 07.10. Bibeltide v/ Aksel Lygre: Pest og plage, straff frå Gud, eller....? 04.11. Om einsemd. Presentasjon av tema ved diakoniarbeidar Sissel F. Våge og Anne Britt Grindheim.

Sak 34 – 2021 Datoar for soknerådsmøte hausten 2021.

Vedtak: 17.august; 14.september; 12.oktober; 9.november; 7.desember.

Sak 35 – 2021 Konfirmantgudsteneste og konfirmasjonar i vår.

Det er uvisst om konfirmantgudsteneste 25.april og konfirmasjonar i mai let seg gjennomføra.

Vedtak: Konfirmantgudstenesta vert strøyma 18.04.21 frå Bremnes kyrkje for alle sokna på Bømlo.

Konfirmasjonsgudstenestene i Moster kyrkje vert laurdag 08.05. kl. 11.00 og sundag 09.05. kl.11.00. Gjeldande smittevernsreglar pr. dato vil avgjera om dei let seg gjennomføra.

Sak 36 – 2021 Ny representant til Støttekomiteen for Moster gamle kyrkje.

Moster kyrkjelyd har ein representant i Støttekomiteen for Moster gamle kyrkje. Personen som no sit i komiteen ber no om avløyning. Etter ein runde med forslag på aktuelle namn, vart det sett opp ei prioritert liste.

Vedtak: Rune tek kontakt med personen som no sit i Støttekomiteen og spør etter kva oppgåver komiteen har, og kontaktar personane på den prioriterte lista for å finna ein person til oppgåva.

Sak 37 – 2021 Referat og meldingar

Kyrkjemusikalsk utval. Ikkje møte sidan sist

Orgelkomiteen. Ikkje møte sidan sist

Trusopplæringsutvalet. Ikkje møte sidan sist

Frå fellesrådet og administrasjonen. Ikkje aktuelle saker

Meldingar ved sokneprest. Venskapskyrkjelyden i Sangaste slit under koronaepedimien.

Kontaktmøtet som var planlagt i mai, kan ikkje gjennomførast. Ein mogeleg digital ungdomsleir i august er ikkje avklara enno.